



Notat

Dato: 15.01.2018

Til: Fylkesdirektør samferdsel

Frå: Vegseksjonen

Punktutbetring og trygge skulevegar 2016, 2017 og 2018 – erfaringar og bruk av midlane

Bakgrunn

Fylkesvegnettet i Hordaland har ein svært varierande standard. Sjølv om ein del av vegnettet er bra, så er det mykje som har låg, og dels dårlig, standard. Mykje av dette er også skuleveg. Det er kostnads-krevjande å utbetre vegnettet, men med relativt lite midlar kan særlege punkt langs vegen takast. Slike mindre tiltak har svært mykje å sei for dei som ferdast langs vegen.

I fylkestinget si handsaming av årsbudsjettet for 2016 i desember 2015 vart det sett av 31,3 mill. kr til *Punktutbetring og trygg skuleveg*, jf PS 95/2015 Årsbudsjett 2016/økonomiplan 2016-2019. Midlane vart delt mellom Statens vegesen for utføring av tiltak, og kommunane gjennom ei tilskotsordning.

For 2017 sette fylkestinget av 20 mill. kr til *Punktutbetring og trygg skuleveg* i PS 91/2016 Årsbudsjett 2017/økonomiplan 2017-2020. Desse midlane gjekk i sin heilskap til kommunane gjennom ei tilskotsordning.

I fylkestinget i si handsaming av årsbudsjettet for 2018 den 12. desember 2017, jf PS 105/2017 Årsbudsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 var det sett av 20 mill. kr til trygg skuleveg og punktutbetring. I vedtaket heiter det: *Det vert nytta 20 000 000 ekstra til legging av meir asfaltdekke og trygg skuleveg*. Midlane er lagt til driftsbudsjettet.

Tiltak i regi av Statens vegvesen og ei tilskotsordning i 2016

Totalsummen på 31,3 mill. kr vart todelt, - der størsteparten av midlane (21 mill kr) vart sett av til konkrete tiltak utført på fylkesvegnettet av Statens vegvesen, medan ein tredjepart (10 mill kr) av midlane vart gjort søkbare for kommunane. Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fekk ansvaret for denne tilskotsordninga.

For dei 21 mill. kr som Statens vegvesen fekk ansvaret for vart nær alle dei 28 tiltaka utført etter planen i 2016. Tiltaket ved Fv 303 Palmafossen er ikkje utført, medan på Fv 456 Storebø terminal er reguleringssplanen starta opp. For tiltaket på Feste kai så vart dette prioritert i 2017-budsjettet.

Når det gjeld midlane (10 mill. kr) som vart sett av til ei tilskotsordning, så vart alle tiltaka gjennomført. Eit av tiltaka (Tresvik/Fonnes) vart overført til Statens vegvesen for utføring. Dette har samanheng med at tiltaket vart ein del av eit større arbeid som skulle gjerast i området.

FTU mottok 26 søknader frå totalt 17 kommunar innan fristen 1. april 2016. Den totale søknadssum var på 24 mill. kr. FTU tildelte tilskot til tolv tiltak, fordelt på tolv kommunar. Tilskotsmidlane vart utbetalet til den einskilde kommunen når rapporteringsskjema var motteke. FTU utbetalte alle midlane hausten 2017.

Ei tilskotsordning i 2017

Løyvinga på 20 mill. kr vart i sin heilskap laga til som ei tilskotsordning for kommunane. Utval for miljø og samferdsel (MISA) fekk ansvaret for tilskotsordninga, og søknadsfristen vart sett til 1. april 2017. Innan fristen kom det inn 38 søknader frå totalt 23 kommunar. Den totale søknadssummen var på 58,3 mill. kr. MISA tildelte tilskot til tretten tiltak, fordelt på tretten kommunar. I hovudsak vart tilskotsordninga gjort på same leid som i 2016, men med unnatak av at tiltaket kunne vere toårig, det vil seie ferdigstilling i 2018, dersom det var gode grunnar for det. Dette måtte opplysast om i søknadsprosessen.

Innan avslutninga av rekneskapsåret 2017 var sju av dei tretten tiltaka ferdigstilt. Dette gjeld tiltaka i kommunane Askøy, Bømlø, Kvinnherad, Os, Stord, Ulvik og Vaksdal. I Kvinnherad vart tiltaket 450.000 kr rimelegare enn føresett, og desse midlane er overført til 2018. Dei fem kommunane Austrheim, Kvam, Masfjorden, Tysnes og Ullensvang har bedt om utsetjing til 2018. Tiltaket i Fjell kommune (2 mill. kr) vert ikkje utført. Kommunen har her opplyst om at tiltaket ikkje vert gjort på grunn av manglande totalfinansiering. Tiltaket kosta totalt 13 mill. kr, og kommunen sökte om 4 mill. kr. Fjell var ein av tre kommunar som fekk nedtrekk i søknadssummen sin. Tiltaket i Fjell er svært stort i denne målestokken, og kommunen fekk altså eit deltilskot. Tilskotssummen kommunen vart tildelt på 2 mill. kr er overført til 2018.

Dette inneber at det er overført 12,7 mill. kr til 2018. Av desse er totalt 2,45 mill. kr midlar som ikkje vert nytta/utbetalt til opphavelig vedteke prosjekt.

Om status for tiltaka som har fått overført midlane til 2018

Austrheim kommune

Når det gjeld veglystiltaket i Austrheim kommune (1,270 mill. kr) så set Statens vegvesen krav om stålstoppar og linjeføring i grøft, medan kommunen i sitt kostnadsoverslag i søknaden hadde basert si vurdering på trestolpar og luftspenn. Bakgrunnen for Statens vegvesen si vurdering er at trestolpane vil stå innanfor tryggleikssona, og at trestolpar/luftstrekk er mykje mindre driftssikre og meir kostnadskrevjande å vedlikehalde. Ut frå dette henta difor kommunen seinhausten inn tilbod på stålstoppar og linjeføring i grøft, og har lagt fram ein totalkostnad på 2,950 mill. kr.

Etter ei totalvurdering vil ein her rá til tiltaket vert gjennomført, - men etter krava som Statens vegvesen set fram, det vil seie med stålstoppar og linjeføring i grøft. Den 2,2 km lange strekninga ligg på overordna fylkesvegnett, og har ein ÅDT på 2200.

Kvam herad

Tilskotsmidlane er overført til 2018 ettersom tiltaket som skal utførast ligg på ei vegstrekning som i 2017 vart brukt av Statens vegvesen til omkjøring på grunn av eit anna vegtiltak.

Masfjorden kommune

Tilskotsmidlane er overført til 2018. Kommunen ventar ferdigstilling våren 2018.

Tysnes kommune

Tiltaket vert overført til Statens vegvesen. Dette har samanheng med at tiltaket vart ein del av eit større arbeid som skulle gjerast i området. Midlane går inn i tiltaket Uggdal-Onarheim som Statens vegvesen skal utføre i 2018.

Ullensvang herad

Tilskotsmidlane er overført til 2018. Kommunen ventar ferdigstilling i løpet av 2018.

Oversikt over status for tilskotsordninga Punktutbetring og trygge skulevegar 2017

Nr.	Kommune/pri.	Namn på tiltaket	Tildeling	Status	Overført til 2018
1	ASKØY 1	Fortau, gangfelt og lys, Erdalsvegen	2 200 000	Utbetalt	

2	AUSTRHEIM 2	Veglys, Mastrevik-Totlegård	1 270 000	Overføre til 2018	1 270 000
3	BØMLO 1	Veglys, Moster	850 000	Utbetalt	
4	FJELL	Utbetring av Ebbesvikvegen	2 000 000	Vert ikkje gjennomført	2 000 000
5	KVAM	Utbetring av veg, Øystese	3 500 000	Overføre til 2018	3 500 000
6	KVINNHERAD	Veglys og kantstopp, Løfallstrand	1 600 000	Utbetalt, men tiltaket var rimelegare enn føresett	453 310
7	MASFJORDEN	Punktutbetring 18 punkt	2 000 000	Overføre til 2018	2 000 000
8	OS	Veglys, Åsen	250 000	Utbetalt	
9	STORD 2	Intensivbelysning Leirvik sentrum Kulturhuset	300 000	Utbetalt	
10	TYSNES	Fjellvegen, Onarheim	1 530 000	Overføre til 2018	1 530 000
11	ULLENSVANG	Veglys, Sekse	2 000 000	Overføre til 2018	2 000 000
12	ULVIK	Fortau, Tyssevikvegen	2 000 000	Utbetalt	
13	VAKSDAL 1	Mjuke trafikantar, Vaksdal (Duesvingen)	500 000	Utbetalt	
	SUM		20 000 000		12 753 310

Bruk av midlane av 2017 som ikkje vert nytta

Oversikten viser at 2,45 mill. kr av midlane av 2017 ikkje vert nytta slik som vedteke. Med det som bakgrunn vert det difor rådd til at dei ubrukte midlane som vart tildelt Fjell og Kvinnherad kommune vert nytta til å få oppført stålstolpar og linjeføring i grøft i Austrheim kommune. Det vil seie ei ekstraløyving til kommunen på 1,680 mill. kr. for å få utført tiltaket. Ut frå dette sit ein att med eit mindreforbruk på 770.000 kr. Det vert lagt fram forslag om at desse går inn i løyvinga på 20 mill. kr til asfaltdekke og trygge skulevegar i 2018.

Om bruk av kommunale tilskotsordningar

Sett under eitt så har FTU jamt over gode erfaringar med kommunale tilskotsordningar, og kommunane er aktive med å søkje. Kommunane kjenner godt til utfordringane på vegnettet og ønskjer å påverke kva tiltak som vert utført. Gjennom å gjere midlar søkbare for kommunane, vert den lokale forankringa i tiltaka styrka.

I 2016 gjennomførte kommunane alle tiltaka dei hadde fått løyvd midlar til innan årets slutt, men Statens vegvesen meldte tilbake at mange av kommunane i stor grad leit på bistand frå Statens vegvesen.

I 2017 er sju av tretten tiltak gjennomført innan året. Det er klårt at det har vore vesentleg meir arbeid for både fylkeskommunen og Statens vegvesen knytt til utføringa av tiltaka knytt til tilskotsordningane i år enn tidlegare. Dette til trass for presiseringa ved vedtaket om at det er kommunane sjølv som har ansvaret for å planlegge og gjennomføre tiltaket, og at kommunane måtte avklare eventuelle spørsmål ved tiltaket i forkant med Statens vegvesen. Ved tildelinga vart det også peika på at dersom tiltaket overstig kostnadsramma som kommunen hadde sett i søknaden, så ligg ansvaret for dette hjå kommunen sjølv.

Svært mykje oppfølging av kommunane

Arbeidet med å vurdere søknadane er krevjande både for fylkeskommunen og Statens vegvesen. Prosessen med å vurdere innhaldet og omfanget av tiltaka med ei så kort tidsramme fører med seg fleire usikre moment. Dette heng særleg saman med at krav som er sett til prosjekt på fylkesvegnettet er strengare enn dei kommunane har på eige vegnett, og fleire av kommunane har avgrensa kunnskap om desse krava, og tek med det ikkje dette til følgje i sitt planleggingsarbeid. Eit anna moment er spørsmålet om kommunane har ressursar nok til å ta hand om tiltaket, sett opp mot den kostnadsramma som dei har meldt inn. Statens vegvesen har meldt til fylkeskommunen at det har vore utfordringar med nokre av tiltaka med omsyn til kva hjelpe og oppfølging kommunane venta seg frå Statens vegvesen si side i prosessen. I nokre tilfelle har det også måtte gjerast korrigeringar på tiltak som er vorte utført.

Framlegg til bruk av midlane av 2018

Ut frå dei erfaringane ein sit att med etter 2016 med ei todeling av løyvinga, og i 2017 der heile løyvinga var gjort søkbare til kommunane, så er det tungtvegande grunnar til å la heile løyvinga for 2018 gå til asfaltdekke. Saman med løyving på 20 mill. kr kjem også dei ubrukte midlane som er overført 2017. Totalt 20,77 mill. kr.

Som det er peika på ved fleire høve, sist i *Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet*, så er behovet for nytt asfaltdekke svært stort på fylkesvegnettet i Hordaland.

Alternativ 1. Nytte alle midlane til asfaltdekke

Hordaland er eit av dei fylka i landet som har høgast del av fylkesvegnettet med därleg asfalt. Dårleg dekkelegging fører og med seg ei eskalering av forfallet av vegkroppen og bærelaget. Dårleg fundament under asfalten medfører i tillegg at asfalten får lågare levetid.

Dersom midlane skal nyttast til dekkelegging, så bør desse prioriterast i dekkeleggingsprogrammet som vert lagt fram i mars. Statens vegvesen opplyser at gjennomsnittskostnaden per km ny asfalt for ein tofelts veg på 7,0-7,5 meter er om lag 0,7-1,0 mill. kr, noko avhengig av trafikkmengde (natt/dagarbeid). For ein til halvanna feltsveg er det noko lågare; om lag 0,5-0,7 mill. kr avhengig av transportlengder og tilpassa asfaltkvalitet.

Utvikling av svært därleg dekketilstand i prosent, i perioden 2008-2016

Fylke	År								
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Troms	59,3	63,1	66,0	69,3	63,7	68,6	68,1	65,5	65,7
Hordaland	62,8	71,5	64,5	62,7	62,7	60,7	58,1	60,0	59,4
Oppland	54,6	55,8	60,9	60,1	57,3	55,9	57,8	57,1	55,0
Nordland	52,9	53,6	55,0	54,1	50,8	54,0	53,8	56,0	54,0
Telemark	58,4	57,1	55,1	51,8	54,6	54,4	53,6	51,7	53,7
Sør-Trøndelag	45,1	54,8	46,7	47,4	46,6	48,3	49,5	51,3	53,6
Aust-Agder	50,5	52,5	50,3	53,1	52,8	51,7	52,4	50,4	47,2
Møre og Romsdal	39,8	37,4	42,0	39,9	44,4	46,3	46,8	47,2	46,8
Finnmark	53,1	40,5	53,5	52,7	44,9	50,5	53,0	51,9	46,7
Nord-Trøndelag	51,9	48,0	44,3	49,0	50,5	50,0	49,5	47,3	45,7
Sogn- og fjordane	78,4	66,3	64,1	62,8	60,1	60,0	54,6	57,2	45,6
Buskerud	66,2	59,9	58,7	58,0	55,5	55,4	50,9	48,0	44,9
Østfold	52,6	52,0	40,2	48,8	50,0	55,0	43,7	47,5	44,7
Vest-Agder	52,4	51,6	55,5	50,9	48,1	47,4	46,6	44,6	42,8
Rogaland	54,2	60,1	49,8	49,1	48,4	46,6	43,3	42,1	40,4
Hedmark	46,3	46,4	50,8	45,1	45,0	45,5	39,5	43,9	39,9
Vestfold	49,8	41,1	37,3	35,5	33,1	33,1	29,9	28,8	28,6
Akershus	37,5	41,2	30,6	31,7	27,8	31,4	27,0	30,1	23,3
Noreg	53,9	53,6	52,5	52,0	50,7	52,4	49,8	50,2	47,9

Alternativet er ei todeling av midlane med størstedelen av midlane til asfaltdekke, og resterande til trafikksikringstiltak i regi av Statens vegvesen.

Alternativ 2. Nytte midlane til asfaltdekke og trafikksikringstiltak langs skuleveg i regi av Statens vegvesen

Løyvinga kan også delast i to der eine delen vert nytta til trafikksikringstiltak langs skuleveg i regi av Statens vegvesen. Dette vil då vere over same leid som i 2016. Ut frå dette vert det lagt fram eit forslag om at i om lag 3/4 av midlane (15,17 mill. kr) går til asfaltdekke, og det resterande går til tiltak langs skuleveg. Dette inneber totalt 5,6 mill. kr til trygge skulevegar.

Statens vegvesen har utarbeida ei liste over aktuelle tiltak knytt til trygge skulevegar i kommunane.

Oversikt over aktuelle tiltak langs skuleveg

Kommune	Stad/ strekning	Fv.nr.	HP	Meter	Tiltak	Meir informasjon	Skuleveg	ÅDT	Kostnad
Kvinnherad	Teigen	48	11	7,87	Veglys	Skuleveg for småborn, Postvegen kryssar og går langsetter delar av strekninga, ingen separering mellom mjuke trafikantar og køyrety. Tiltaket har høg prioritet i kommunens TS plan.	Ja	1 500	2,5
Lindås	Seim	402	2	0,5-1,3	Fartsdempande tiltak	Smal vegstrekning utan tilbod til mjuke trafikantar. Uoversiktelege avkjørsler, særleg ved butikken. Skuleveg.	Ja	1 700	0,5
Lindås	Isdalstø	57	1	1,2-1,3	Fortau i Isdalstø	Kort strekning med manglende og svært dårlig fortau. Stor biltrafikk.	Ja	13 200	0,3
Os	Sperrevikvegen ved Nordstraumen	163	2	1,120- 1,240	Fartsdempende tiltak og legge til rette for kryssingspunkt (evt gangfelt på sikt).	Økt kryssingsbehov. Mange nye skolebarn er tilflyttet ny bebyggelse.	Ja	1400	0,3
Osterøy	Ambogen	359	1	3,6	Fjerne jordvoll	Dårleg sikt ut frå veg frå Haus.	Ja	900	0,1
Sveio	Ekrone	47	1	783- 303	Nytt veglys vil sikre kryssingspunkt og binde saman veglys	Oppsetjing av 500 m. veglys på aktuell strekkje.	Ja	6 200	1,0
Øygarden	5 stader	561	03 04 04 04 05	3,2 3,5 7,5 7,7 0,5	Oppgradering av 5 kryssingspunkt	Gang- og sykkelvegen skifter side. Justering av rekksverk, siktforbetring og belysning.	Ja	4 000	0,9
Totalt									5,6